



Gunnar Magne Husebø
Husebøvegen 86
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1343 - 19/13253

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:
14.06.2019

Melding om lågt nivå i septiktank - GBNR 54/12

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følge opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 04.06.2019 motteke melding frå Norva24 Vest AS om lågt nivå i septiktanken på eigedommen dykkar, gnr. 54, bnr. 12. Lågt nivå i tanken tyder på at det er lekkasje frå tanken. Ved lekkasje frå septiktank renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken, som i følge Norva 24 Vest AS vil bli utført i perioden april til juli 2021. Då de som eigare av septiktanken no har fått ein lang fristperiode for utbetring, vil det ikkje bli gitt forlenging av denne etter at tanken er tømt i 2021.

For å få utbetra septiktanken må de kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføre dette arbeide.

Dersom lekkasjen allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

Tilbakemelding

Når lekkasjen er reparert må de fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendes til:

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 54-12 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Gunnar Magne Husebø
Monica Holen Husebø

Husebøvegen 86 5917
Husebøvegen 86 5917

ROSSLAND
ROSSLAND